

# Styremøte Vikedal Bygdahus



## Møtereferat

28.10.2024

Møtte: Johannes Holten Leifsen, Erlend Nesheim, Ina Helmers, Nils Erik Eide

*På sak 54/24 møtte Vigleik Bakkedal frå fasadegruppa.*

Møtte ikkje: Asle Øverland, Håkon Bakkedal, Tone Helen H. Halleraker

| Sak   | Agenda   | Referat   | Ansvar                        |
|-------|--|---|-------------------------------|
| 53/24 | Gjennomgang av handlingsplan for restansar/oppdatering | Status på pågående arbeid frå styremedlemmene, me oppdaterer planen.  | Alle                          |
| 54/24 | Fasaden idrettshall                                    | <p>Styret såg gjennom fargekart til hallen. Det har kome forslag om å leige inn «Grindheim» frå Etne til å sjekke ut omgivelsane og velge den rette fargen, også farge som kan stå i stil til bygdahuset. Føring litt mørkare tone. Styret tek kontakt og avtalar.</p> <p>Kjell Steinsland tek jobben med å sprøytemale, kjem på ca 200 000 kr, i tillegg kjem det lift (her kan ein kanskje gjera ein jobb å få sponsa lift og gode høgtrykkspylarar). Vasking av hus på dugnad. Målet er å ha huset klart og ferdig til 17. mai 2025.</p> <p>Maling på hold fram til mars. Det var ikkje mogleg å ha same maling som me har fått god pris på til bygdahusdelen, denne type maling eigna seg ikkje på treverk. Styret ser på nye alternativ her.</p> <p>Ide: styret opprettar «Fasade-Spleis» der folk kan støtte bygdahuset med midlar til oppgradering av fasaden. I ein periode på 8 mnd.</p> | Ina<br><br>Vigleik<br><br>Ina |
| 55/24 | Vedlikehald hall og bygdehus                           | <p>Det er kome meldingar om at det er lekkasje på rom 2 i hallen, det er mykje elles som bør gjerast i bygdehussalen. Bør me arrangera ein dugnad?</p> <p>Dette må uansett ordnast i samband med maling av hallen. Styret høyrer med vaktmeister om kva som er gjort før. Må helst tettast før me spyler hallen igjen. Kyndige personar må ta ein runde og gi styret anbefalingar. Kanskje vaktmeister kan organisere dette? Styret avventar og følger situasjonen.</p>   | Johannes                      |
| 56/24 | Russefeiring, utleige                                  | <p>Gjennomgang av forslag til reglar for utleige til russearrangement. Det er viktig at russen leverer vaktliste med namn ei veke før arrangementet, send på e-post til <a href="mailto:styret@vikedal-bygdahus.no">styret@vikedal-bygdahus.no</a></p> <p>Russen må rydde godt og grovvask egulv, så ordnar bygdahuset vask mot betaling.</p> <p>Rutina blei vedtatt med innkomne endringar.</p>  | Nils Erik                     |

| <b>Sak</b> | <b>Agenda</b>              | <b>Referat</b>   | <b>Ansvar</b>                       |
|------------|----------------------------|--|-------------------------------------|
| 57/24      | Låsing hus og hall!        | <p>Dette er eit gjennomgåande problem, me må finne ein måte å løye dette på. Me kan ikkje ha ungdom inne her kvar ettermiddag/kveld.</p> <p>Innvendig nødutgang til hall, sør, er øydelagd. Send skriv til idrettslag og minner om låsing.</p> <p>Dersom me kjem over ungdommar som oppheld seg i foaje, hall eller andre rom, styret tek kontakt med føresette og gir varsle.</p> <p>Styret lagar innlegg på FB om låsing og utfording her. Minner her om ulovlegheita med å låse seg inn på andre sin eigedom. Oppmøda føresette til å snakke med ungane sine om dette.</p> <p>At ungdom sit utanfor er ok, men dei må behandle benker og området fint, også ikkje forstyrre og plage dei som bur i nærleiken av bygdahuset. Det kom forslag om å lage til bossdunk av betong – ungdom som «heng utanfor», stålboötter som på pumptracken.</p> <p>Kode, endring 1 g/mnd.</p> <p>NB: styremedlemmer bør ha eigen nøkkel, dette blir sjekka opp i.</p> | Nils Erik<br>Nils Erik<br>Nils Erik |
| 58/24      | Ryddeprosjekt, ute og inne | <p>Me er i gong med rydding ute og inne, snakk om vidare plan.</p> <p>Alle bodene er snart borte. Varmepumpa er borte, dersom den inneholdt gass av verdi skal me bli einige om fordeling med Vestbø inneklima.</p> <p>Styret arrangerer dugnad i samarbeid med VIL, Roots'n og elles bygdefolk. Reinska opp og kjøre bort rape og anna. Styret lagar til innkalling til dette lørdag 9. november kl. 10.00. Arrangement på FB. Sjekk med Roots'n og VIL om hjelp og bidrag.</p>   | Ina<br>Johannes<br>Erlend           |
| 59/24      | Eventuelt                  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Status klatrevegg? Ventar på svar på søknadar. <i>Jobbar vidare, har hatt infomøte.</i></li> <li>- Dårleg vask etter fest lørdag 19.10.24 <i>Kanskje som følgje av dårleg gulv?</i></li> <li>- Det må skaffast to personar til pubkomiteen. Det er kun to som jobbar med dette, det er tøft.</li> </ul>   | Johannes<br>Nils Erik               |

01.11.24

Nils Erik Eide